

Storegjerdesamlinga:

Har auka med 2000 «nye» bilde

I samband med at Larsnes Sogelag overtok resten av kjellaretasjen i Gamlebanken på Larsnes vart det føreteke ei opprydding i det brannsikre kvelvet som i si tid tilhørde Sande og Rovde Sparebank. Der vart det gjort mange historiske funn som sogelaget no arbeider med å katalogisere og arkivere meir permanent.

Eitt av dei historiske funna som vart gjort i bankkvelvet var om lag 1.500 fotoglasplater etter fotograf Olav Storegjerde. Så langt ein kan forstå er dette plater/motiv som har vore vurdert for bruk i Bjarne Rabben sine 5 bøker som inneheld Soga om Sande og Rovde. Dette fordi mykje av det ein har funne er motiv som finst i desse bøkene.


Ettersom ein tidlegare ikkje har funne noko av desse motiva som er i søgebøkene har ein undra mykje over kva som kunne ha skjedd med dei fotoglasplatene. No har ein etter alt å dømme fått forklaringa og gleda var såleis stor for folka i Storegjerdesamlinga då oppdaginga kom for dagen.

Mange portrett

I tillegg til dei fotoglasplatene som ein fann i bankkvelvet har samlinga også fått inn om lag 500 andre plater som ymse personar har hatt liggande. Dette er for det meste portrett der mange av platene er over 100 år gamle. Ein del av glasplatene er daterte og har pålimt informasjon om namn på kven som har tinga bilda. Det kan sjølvstøtt også vere namnet på personen/personane som er på bildet. Storegjerdesamlinga utgjer no om lag 7350 fotos.



* På vedlegg til dette glasplatefoto står namnet Torgeir Jøssok frå Leikong, men om dette er namnet på tingar eller personen på bildet veit vi ikkje. Det er datert 28.08.1910. Om nokon på Leikong, eller andre stader, kan vite noko om dette er Sande Sogelag og Storegjerdesamlinga takksam for tilbakemelding til arthur@sandesogelag.no eller på anna vis.



* I byrjinga av november var det ei todagars arbeidsrunde i Gamlebanken med digitalisering av «nye» fotoglasplater frå Storegjerdesamlinga. Her ser vi dugnadsfolka, frå venstre: Aslak Storegjerde, fylkesfotoarkivar Ragnar H. Albertsen, Rune Oksavik (bak), Sindre Torset og Arthur Vestnes heilt til høgre. Deler av glasplatesamlinga etter fotograf Olav Storegjerde er no komen til Sunnmøre Museum sitt fotomagasin for sikker og god lagring. Resten vil verte levert dit i den næraste framtid.

Mesteparten av dei nyttilkomne fotoglasplatene synest å ha motiv frå Sande og Vanylven. Delvis bilde også frå Selje, Herøy og Ulstein. Der er mange bilde frå Trondheim by då Kong Haakon og Dronning Maud vart krona i Nidarosdomen den 22. juni 1906. Ein finn også nokre motiv frå Alesund etter brannen i 1904. «Utrolig mange flotte bilder!», seier fylkesfotoarkivar Ragnar H. Albertsen i si tilbakemelding til Sande Sogelag og Storegjerdesamlinga.

Av Arthur Vestnes

* Dette bildet synest å vere frå ein storstilt stemmedag på Drageidet, Stadt. Vi ser ein stor folkehop på veg oppover mot eidet frå Leikong. Av landskapet i bildet ser vi frå venstre: Kvamsøya, Storholmen, Haugsholmen, Sandsøya, Hidsøya, Gjona, Voksa, Hakallestranda, Sandvika og vidare sørover mot Flugevågen og Flugevågsholmane til høgre. Eit fantastisk bilde frå ei anna tid! Legg merke til alle båtane som ligg bortanfor Leikonglandet.



* Motiv frå glasplatene som ein har funne igjen: Den 23. januar 1904 rasa det ein storbrann i Alesund. Ein meiner at dette bildet må vere teke av Storegjerde kort tid etter brannen.